

Årsmelding

For Pinsemenigheten Betel Sletta til årsmøte 17. februar 2019

Året 2018 har vore eit nokså vanlig virke år for menigheten. Nokre høgdepunkt har det likevel vore:

Hauststevnet, med hovudtalar Osvald Instebø, kona Ragnhild og songkoret Amazing frå Espeland, var en fulltreffer. Emigrantkyrkja var nærmast fullsatt søndag 16. september. Laurdagsmøtet med Ragnhild og Osvald var også godt besøkt. Ganske mykje folk frå distriktet, og ein del frå Bergen. Osvald hadde sterke og interessante bodskap.

Søndagsskulen: Den 24. november 2018 var det 80 år sidan menigheten starta med søndagsskule. Dette blei markert med at heile bygda vart invitert til fest. Frode Mellingen hadde laga eit historisk samandrag med visning av bilder frå tidlegare tider. I tillegg vart det vist video frå dei siste 30 åra i søndagsskulen. Kirsten Skage Mellingen kom med ein gåve frå Sletta indremisjon på kr. 30 000,-. Søndagsskulen har elles hatt eit godt virke år.

Misjon: Menigheten har også i år støtta tre ulike misjonsprosjekt med kr 5 000,- til kvar. Inger Johanne og Inge Bjørnevoll har vore misjonærar i Paraguay, og har eit prosjekt med å omsetja bibelen til eit lokalt språk. Dei har også eit prosjekt der dei hjelper gateborn . Gunnveig og Ernst Knudsen har vore misjonærar i Kenya, og dei driv ulike hjelpeprosjekt for kvinner. Familien Håkon Aasebø er misjonærar i Thailand.

Konsertar: Det har også i år vore arrangert konsertar i Emigrantkyrkja. Det har vore ein konsert med Tor Rødseth og ein julekonsert med Micael Järlestrand. Dette er eit samarbeid med Filadelfia Manger, som Arvid Aasgaard står i spissen for.

Møter: Første nyttårsdag var det møte med Bjarte Ystebø og familie. Elles har følgjande forkynnerar besøkt menigheten med eit eit eller fleire møter - Asbjørn Ystebø, Geir Ståle Talberg, Egil Johansen, Solfrid og Rolf Sylta, Laila og Svein Børtveit, Ragnhild og Osvald Instebø, Bjarnhild og Øystein Rong, Gunnveig Knudsen, Tor Rødseth, Inger Johanne og Inge Bjørnevoll og Steinar Valdersnes. Ruth og Ole Jonny Larring, hadde møte i Emigrantkyrkja til inntekt for Ibra Radio. Dette var eit samarbeid med Filadelfia Manger. Det kan og nemnast det årlege fellesmøtet til inntekt for Radio PR i Betania Knarvik. Me takkar Gud for alle som har gjeve oss oppmuntring, og formaning i frå Guds ord.

Vår kjære Ester Martinsen gjekk heim til Herren den 18. oktober, etter lang tid med sjukdom. Gravferda var frå Emigrantkyrkja fredag 26. oktober med Osvald Instebø som forretter.

Eg vil med dette takke alle som bidrar til Guds rikes sak gjennom oppgåver i menigheten.

Tom Arild Valdersnes